



KVINNHERAD  
K O M M U N E

Ordfører

Vestland Bondelag

|                     |                     |                   |             |                   |
|---------------------|---------------------|-------------------|-------------|-------------------|
| Saksbehandlar       | Tlf. direkte innval | Vår ref.          | Dykkar ref. | Dato              |
| <b>Hilde Enstad</b> | <b>90680352</b>     | <b>2021/9-138</b> |             | <b>09.12.2021</b> |

## Kommunane treng kompetanse på landbruk

Til Vestlandske bondelag.

Det er ei glede for ordføreren i Kvinnherad å kunne melda til Vestlandske bondelag at Kvinnherad kommunestyre gjorde følgjande vedtak som del av budsjett- og økonomiplanarbeidet 02.12.2021.

*17. Kommunestyret styrkjer sektor Samfunnsutvikling med 3,0 mill. Vi ønskjer at dette vert prioritert særleg til følgjande tiltak:*

- a. Byggesak*
- b. Landbruksrådgjeving. Kvinnherad kommune skal oppretthalda nivået på tenestene mot landbruket. Dette er særleg viktig andsynes dei endringane som kjem til å skje i denne sektoren dei komande åra.*

Kvinnherad kommune, som er blant dei største landbrukskommunane i Hordaland, tar mål av seg til å fortsetje å levere gode tenester til bøndene i Kvinnherad i åra som kjem. Vi ser at tenestene frå vårt landbrukskontor er ein viktig faktor for den fine utviklinga vi har i landbruket i vår kommune. Derfor fann kommunestyret det viktig og riktig å presisere dette gjennom vedtak i budsjett- og økonomiplanarbeidet.

Med helsing

Hilde Enstad  
Ordfører

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.*

Kopi til: